

# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord, Flatdal og Åmotsdal  
Nr. 1 – Vår 2017 – 88. årg.



*Altartavle Flatdal kyrkje*

# Selg og Høgtid

## REDAKSJON:

Kyrkjekontoret  
Telefon: 480 85 754  
Bankgiro: 2711.20.31826  
post@seljordkyrkje.no

## Opningstider:

Tysdag 09.00-13.00  
Onsdag 09.00-13.00  
Torsdag 09.00-13.00  
Elles treffetid etter avtale.  
Kontoret kan være ubemanna pga oppdrag ute.

## Kyrkjekontoret:

Sokneprest Dag Harald Undheim  
Mobil: 907 78 921  
dag.harald@seljordkyrkje.no

## Ungdomsprest Petter Jakobsen

Mobil: 909 51 409  
petter@seljordkyrkje.no

## Kyrkjevevjer Jon Svartdal

Mobil: 917 23 967  
jon@seljordkyrkje.no

## Kantor Keith Griggs

Mobil: 970 09 470  
keith@seljordkyrkje.no

## Soknediakon

Svanhild Rui Gustavsen  
Telefon: 480 85 754  
Mobil: 915 77 011  
svanhild@seljordkyrkje.no

## Kyrkjetenarar:

Ivar Øygarden  
Mobil: 907 84 971  
ivar@seljordkyrkje.no

## Eilev Eiesland Bjørge

Mobil: 975 45 943  
eilev@seljordkyrkje.no

## Seljord sokneråd:

Kristine Nystad  
Mobil: 466 52 462

## Flatdal sokneråd:

Agnes Byberg Skårnes  
Mobil: 909 49 415

## Åmotsdal sokneråd:

Roar Gjessing  
Mobil: 958 67 866

## Heimeside:

[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)



## Andakt

«Han er oppstanden. Halleluja!  
Lov ham og pris ham! Halleluja!  
Jesus vår Frelser, lenkene brøt.  
Han har beseiret mørke og død.»  
No vil eg la dykk få ta del i noko  
som vart ei aha-oppleving for  
meg då eg var i 13-14 års-alderen  
Det var langfredag, og eg var ute  
å gjekk meg ein tur i fint påske-  
ver. Hugsar eg gjekk å tenkte på

dette med langfredagen, kor ille det måtte vera for Jesus, og  
så tenkte eg at eg måtte vera lei meg, det var jo ein forferde-  
leg pine han vart utsett for!

Og eg var lei meg, det var jo den lange, triste fredagen!

Men plutsleg slo ein annan tanke ned i meg: Viss Jesus  
ikkje hadde dødd på krossen langfredag, hadde det heller  
ikkje vore ein gledestrålande påskedag!

Han var villig til å ta på seg mi og alle menneskes synd, slik  
at vegen til Gud vart opna på ny.

Slik vart mine langfredagstankar på 60-talet til visshet om  
at det som står i Joh. 3,16 er sant:

*»For så høgt har Gud elska verda, at Han gav Son sin,  
den einborne, så kvar den som trur på Han, ikkje skal gå  
fortapt, men ha evig liv!«*

Tenk så fint at me kan stole på at dette er sant, og at me kan  
ha eit fortruleg forhold til Jesus, det får me ved å be, høyre  
og lese Guds ord.

*«Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn, han som gir  
synderen livet igjen! Halleluja! Vi skyldfrie er. Halleluja!  
Vår Jesus er her!«*

Tre dager dødens fange han var før han stod opp og seiren  
var klar. Tvers gjennom gravens stengsel han gikk. Frelse  
og fred ved Jesus vi fikk.

Engelen ropte: Frykt ikke mer! Han som du søker, er ikke her. Se der er stedet hvor han ble lagt. Han har stått opp- som selv han har sagt.

Gå å fortell at tom er hans grav. Livet han vant, da livet han gav, gav det for oss og kjøpte oss fri. Frelse og fred han alle vil gi.

Joh, 1,12: Men alle som tok i mot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans.

Påskehøgtida som me snart skal få feire, minner oss om at Gud er uendeleg glad i oss menneske.

*Ynskjer dykk alle ei velsigna påske  
og ein fin vår: Svanhild*

---

## Endringar i kyrkja

Medan dette nummeret av Helg & Høgtid vart skriva, gjorde Kyrkjemøtet i Trondheim viktige endringar i forhold til dåp, vigsle og liturgisk musikk.

### **Dåp:**

Den nye dåpsliturgien skil seg frå den gamle mellom anna ved at helsinga og påminninga til foreldre og fadrar kjem føre sjølve dåpen, og ikkje etter, som no. Vidare blir orda frå Johannes 3,16 gjort friviljuge. I ei innleiande bøn, blir mellom anna desse nye orda tatt inn:

Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for NN/NN som i dag skal bli døypt/døypte. Ho/Han/ Dei er dyrebar(e) i dine auge. Ver hos henne/han/dei med din kjærleik og gje henne/han/dei ein heim i di kyrkje. Amen.

Ut over dette vert det berre mindre justeringar. Du finn den nye liturgien for dåp mellom anna på heimesida vår.

### **Vigsle:**

Den nye liturgien for vigsle opnar for vigsle av likekjønna par – altså at det vert mogeleg for menneske av same kjønn å gifte seg med kvarandre i kyrkja. Den nye liturgien for vigsel finn du på heimesida til kyrkjelydane i Seljord.

### **Liturgisk musikk:**

Her vert det gjeve noko færre valmoglegheiter enn kva som var tilfelle tidlegare. På dette viset er det meininga å gjere liturgen meir samlande og meir attkjenneleg.

Alle desse endringane – og anna stoff frå kyrkjemøtet - kan du lese utførleg omtale av på kyrkja sine heimesider ([www.kirken.no](http://www.kirken.no)).



## Organistens spalte

**Martin Luther** satte i gang den protestantiske reformasjonen i 1517 da han satte opp sine fem og nitti teser på Wittenburg slottskirke. Selv om han bygde reformasjonen sin på teologiske avhandlinger og prekener, knyttet han musikk til alt han drev med for å understreke musikkens virkning på menneskesinnet. Han skrev mer enn tretti salmer og den mest berømte var “Vår Gud han er så fast ei borg”. Mer enn to millioner kopier av salmene hans ble trykket i de første år, og enkelte mente at salmene var

viktigere for å spre reformasjonen enn de teologiske skriftene hans. Luther selv rangerte musikken som så viktig at bare teologien var viktigere.

Salmenes betydning for reformasjonens vekst kan ikke bli overvurdert. Et forsiktig overslag over antall salmer, musikkhefter og salmerelatert materiale trykket på femtenhundretallet er to millioner kopier. Musikkens virkning på menneskesinnet førte til at tekstene lettere festet seg hos folk når de ble akkompagnert av musikk. Musikken kan bidra til å fjerne lidelse og depresjon.

Keith mob: 97009470  
keith@seljordkyrkje.no



# Slekters gang

## Seljord

### Døypte:

Thov Heimdal Kleivstaul

Ingrid Aamodt Telnes

### Vigde:

Kristin Haugan og Knut Skrede Østevik

### Døde:

Leif Bjørn Liane f. 1920

Jens Gravalid f. 1929

Paul Tengren f. 1926

Gudrun Engebretsen f. 1925

Gravferd frå Rikets Sal f. 1928

Signe Hildegard Aas f. 1927

gravlagt i Kviteid f. 1923

Ingebjørg Buvik f. 1923

Margot Kasland f. 1925

Ivar Nærdal f. 1940

Åsmund Golid f. 1940

## Flatdal:

### Døde:

Knut Storlid f. 1929

Lorense Kristine Sandland f. 1935

Christine Westbye Vindsvoll f. 1927

## Åmotsdal:

### Døde:

Olav Gisle Vinsvål f. 1918

Sveinung E. Øverbø f. 1925

gravferd frå Betel f. 1931

Kari Aamot Dyrland f. 1931

gravferd frå Betel

--- 0 ---

# Piano på Steinmoen

Det har lenge vore eit ønskje å kunne ha med kantor til andaktar og messer på Steinmoen i Åmotsdal.

På grunn av mangel på musikkinstrument på Steinmoen har dette ikkje vore mogeleg.

Men no er det ei ny tid på Steinmoen. Stova har fått piano, og dermed kan me ha glede av kantor på andakter og messer.

På andakten me hadde på Steinmoen 20. januar 2017, vart pianoet tatt i bruk av Kantor Keith Griggs. Både dei som bur på Steinmoen, tilsette på institusjonen og oss andre frå kyrkja som deltek på desse andaktane kjende glede over denne fornyinga.

Pianoet er ei gåve frå Bjørg Nordbø. Ho ga dette som ei avskjedgåve i samband med at ho slutta som styrar på Steinmoen. Gunn Berit Listaul er ny styrar på institusjonen.



*Kantor Keith Griggs tek i bruk det nye pianoet på Steinmoen.*

# Kyrkjeverjespalta

Festeavgifta for gravplassane i Seljord, Flatdal og Åmotsdal er-, og har frå og med 2011 vore kr. 100 pr. grav pr. år, med betaling for 5 år i gongen. Etter ei rundspørjing i dei andre kommunane i prostiet ser vi at i 2016 har 3 av dei andre 8 kommunane som svara kr. 100 pr. grav pr. år, 4 har kr. 200, og ein har kr. 150. Ein av dei som har kr. 100 no aukar til kr. 200 frå 2018. Kviteseid har hatt kr. 200 i fleire år. Vi har ikkje fått signal om at kr. 100 er dyrt, tvert imot.

Kyrkjegarden i Seljord er i ferd med å bli full, og det er viktig å få bruke opp att dei gravene som det ikkje er viktig for pårørande å behalde. Det er kommunen som har ansvar for å finansiere ei opparbeiding av fleire gravplassar med masseutskifting og andre kostnader. Ved auke av festeavgifta har både Seljord kyrkjelege fellesråd og kommunen ynskt at det skal vera lik festeavgift i Seljord, Flatdal og Åmotsdal.

Auking av festeavgifta er den einaste måten Fellesrådet kan auke inntektene slik at ein får råd til å henge med i utviklinga i samfunnet som har skjedd sidan Fellesrådet blei oppretta for 20 år sidan. Fellesrådet har måtta kosta datamaskiner til alle tilsette i staden for til 2 personar, nye dataprogram, lisensar, kontorlokale til 6 i staden for 2 personar, større grasklyparar, meir omfattande ungdomsarbeid, og mykje anna. Ei slik utvikling har det ikkje blitt kompensert for i dei kommunale rammeoverføringane.

Det er kommunestyret som avgjer storleiken på festeavgifta for gravene, etter gravferdslova: «Avgifter for ..... feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra fellesrådet.»

Seljord kyrkjelege fellesråd søkte om løyve til å auke festeavgifta for gravplass ved alle kyrkjegardane i kommunen til kr. 200,- pr. grav pr. år frå og med 2017, og kommunestyret godkjende dette samrøystes i møte 09.02.17.

*Jon Svartdal*



**24 HOURS festival**  
For deg som går i 5. - 7. klasse

**Sumobryting Gigaball**  
**Konkurranser Spenning**  
**Klatring Musikk**  
**Boksing Tempo Venner**  
**Bading Borrelåsvegg**  
**Wipe out Sug i magen**

**Gullbring Kulturanlegg, Bø i Telemark**  
**4.-5. mars kl. 12 - 12**

Påmelding fra 1. februar. Pris kr 450,- / søskenmoderasjon kr. 50,-  
Førstemann til mølla!

For mer informasjon og påmelding:  
[www.bokyrkje.no](http://www.bokyrkje.no)

Arrangør: Sjøstrand og Næi menighet, Hella og Høyem menighet, Lunde og Filbergst menighet, Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkelyst, Bø kyrkelyst, Bø Normisjon og Bø Pirkemeningst.

# Pilegrimsvandring frå Langlim til Åmotsdal

Det vert pilegrimsvandring 25. juni 2017 frå Langlim til Åmotsdal. Me skal gange på den gamle kyrkjevegen over Vasen.

Undervegs vert det fleire stopp for song, tekstlesing og forteljing. Me skal mellom anna stanse ved den gamle Åmli kyrkje.

I tillegg til sokneprest og diakon, vil Karl Valhovd frå Åmotsdal delta, samt folk som er kjende langs den gamle kyrkjevegen.

Alle må ha med seg gode klede, samt mat og drikke for heile turen. Det vert buss-transport attende til Langlim frå Åmotsdal.



*Pilegrimsvandringa vert avslutta med messe i Åmotsdal kyrkje kl 17:00.*

Ta kontakt med kyrkjekontoret for nærare opplysningar. Vandringa vert avslutta med kyrkjekaffi og messe i Åmotsdal kyrkje kl 17:00.

---

## Pilegrimsvandring Seljord – Røldal 2017

Også i år vert det arrangert pilegrimsvandring frå Seljord til Røldal. Vandringa tek til ved Seljord kyrkje 29. juni, og vert avslutta i Røldal 9. juli.

Undervegs vil det vere ulike formar for program, og vandringa vil gå gjennom eit variert landskap.

Om dette skulle vere noko for deg, kan du få meir informasjon ved å gå inn på seljordkyrkja sine heimesider, eller på



*Det vert pilegrimsvandring frå Seljord til Røldal i tidsrommet 29. juni – 9. juli 2017.*

heimesidene til Agder & Telemark bispedømmeråd.

# Bli ein brønnbyggjar!



**Ingenting er viktigare enn reint vatn. For vatn gjev ikkje berre liv, vatn kan også ta liv. Å gjere noko for andre er viktig for oss som kyrkje, og tysdag 4. april skal me bidra til at fleire får reint drikkevatt i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.**

– Eg har ofte blitt sjuk av det skitne vatnet me hadde her i landsbyen. Eg måtte halde meg heime frå skulen fordi eg hadde vondt i magen, og eg har fått urinvegsinfeksjon på grunn av vatnet. Men no er det mykje betre, fortel 13 år gamle Richard Wilson.

Han er ein av mange innbyggjarar i Ikonda i Tanzania som har fått ein ny brønn. Bebruarane i landsbyen har jobba frivillig for å få bygd brønnen. Dei har

fått hjelp frå Kirkens Nødhjelps partnerorganisasjon i Tanzania og det er pengar frå TV-aksjonen i 2014 som gjorde det mogleg å gjennomføre prosjektet. No er vatnet mykje reinare, og det gamle vatnet vert berre nytta til å lage mursteinar og vatne åkrane.

Noreg og alle andre medlemsland i FN har sett seg som mål å skaffe reint og trygt drikkevatt til alle innan 2030. Men det er ein lang veg fram, sidan det framleis er millionar av menneske som ikkje har tilgang til reint drikkevatt.

Du kan bli med på å gjere denne vegen kortare ved å bidra under Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 2017, der me samlar inn pengar slik at endå fleire kan få reint vatn, slik som Wilson. Me i Seljord er

stolte av å kunne samarbeide med Kirkenes Nødhjelp som arrangerer Fasteaksjonen for 50. gong i år.

I 2017 markerer me også at det er 500 år sidan reformasjonen, og Fasteaksjonen er jubileets diakonale prosjekt. Også i Tanzania markerer dei jubileet ved å hjelpe andre.

– Me trur ikkje at kyrkja lever i eit vakuum. Me trur på å hjelpe andre menneske. Styresmaktene kan ikkje hjelpe alle i Tanzania, og her kan me bidra, seier biskop Emmanuel Makala, som er biskop i den same regionen kor Richard Wilson bur.

Me i Seljord lever heller ikkje i noko vakuum og vi oppmodar deg som har tid å sette av til å bli med å gå ein tur med bøsse denne dagen. For om du tek ein tur ein dag, så kan nokon andre sleppe å gå ein ekstra lang tur kvar einaste dag for å kome til næraste brønn. Ta kontakt med Kyrkjekontoret om du har moglegheit til å vere bøsseberar.

Bli ein brønnbyggjar du også, og støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

**Alle konfirmantane våre deltek som bøsseberarar, og vi oppmodar til å ha kontantar i heimen når bøsseberarane kjem tysdag 4. april.**



### Jolekonsert i Seljord kyrkje

Jolekonserten i Seljord kyrkje gjekk av stabelen 11. desember 2016.

I år hadde me gleda av å ha med oss operasangeren Jakob Zethner som sangersolist. I tillegg til dette hadde me fin song av kulturskulens barnekor, samt musikk av messing- og strykeelever ved kulturskulen. Gunn Steinstad leia barnekoret. Konserten hadde mykje og god oppslutnad.

*Kulturskulens barnekor på jolekonsert i Seljord kyrkje 11. desember 2016.*



**SELJORDVARMESERVICE AS**

**www.seljordvarme.no** eller ring oss på **35 08 41 00**

# Draumkvedet på Taraldsmesse

Sundag 12.02 hadde vi i Seljord kyrkje den tradisjonelle Taraldsmessa, som starta ute med fakkelprosesjon til der den gamle Taraldskyrkja stod. Så var det gudsteneste inne i kyrkja der Draumkvedet blei fletta inn i liturgien av musikarane Harald og Mari Foss med kveding, lutt og harpe, og Torgeir Hefre på tangentar. Taraldskyrkja, Seljordkyrkja og

Draumkvedet er frå den fyrste kristne tida i Vest Telemark, og dette blei kopla saman til ein heilskap av sokneprest Dag Harald Undheim. Musikarane skapte ein heilt spesiell dâm og stemning, og 800 år gamle tankar og tonar blei framførte i ei like gammal kyrkje.

*Jon Svartdal*



## Konfirmantar 2017

### Seljord kyrkje -

**Søndag 7. mai, kl. 11**

Marius Slaaen Aarhus  
Ruben Nilsen Andersen  
Sander Sølyst Eilefstjønn  
Noah Lie Kasin  
Benjamin Iversen Klingan  
Asbjørn Moen Lognvik  
Kristian Myrvang  
Malin Tengren Person  
Renske Jolien Stel  
Morten Tjæreberget

### Seljord kyrkje -

**Søndag 7. mai, kl. 13**

Guro Garvik  
Juni Groven Johansen  
Joakim Rognhaugen Nielsen  
Bjørn Christopher Christiansen Smith  
Vetle Gjerjordet Snippen  
Jonas Lie Ståland  
Åsmund Stundal Tuft  
Sindre Vindfjell  
Thomas Haugerud Øverland  
Tor Eirik Øverland

### Flatdal kyrkje -

**Søndag 21. mai, kl. 11.00**

Ingrid Barstad Birkrem  
Marie Bjålid  
Amalie Haugen  
Uma Haugen  
Edda Høydahl  
Mathias Lognvik-Vartdal  
Arvid Tommy Silseth  
Gjertrud Raffevold Rue  
Vetle Valhovd

# Landstad på flyttefot

I Seljord kyrkje heng eit bilete av Magnus Brostrup Landstad.

I samband med reformasjonsjubileet 2017, skal vårt eige bispedøme arrangere ei kunstutstilling i samarbeid med Tunsberg bispedøme. Utstillinga har fått namnet "Sola Gratia. Kunst og kirke i 500 år." Biletet av Landstad skulle ha vore ein del av denne utstillinga, som forøvrig vil bli å finne på Drammen museum 8. februar til 5. juni, og på Telemarksgalleriet på Notodden 30. september til 17. desember.

I siste augneblinken vart det imidlertid gjort heilomvending i denne saka.



*Magnus Brostrup Landstad, slik han heng på veggen i Seljord kyrkje.*

Arrangørane av utstillinga fann det for risikabelt å flytte på biletet av Landstad. Biletet vil likevel vere ein del av den boka som vert laga i samband med utstillinga.

Utstillinga på Telemarksgalleriet vert opna av biskop Stein Reinertsen 30. september kl 13:00. Sondre Bratland deltek med song på oppninga.

---

## Trusopplæringsplanane er godkjende

Dei siste åra har alle tre sokneråda lagt med mykje arbeid i utarbeiding av trusopplæringsplan. Eit utval med to medlemmar frå kvart sokneråd, har saman med diakon, ungdomsprest og sokneprest, hatt ansvaret for arbeidet.

Seinhausten 2016 vart planane sende til bispedømekontoret for godkjenning, og straks føre jol fekk me godkjenningsbrev signert av biskop og undervisningsrådgjevar i Agder og Telemark Bispedøme.

Trusopplæringsplanen skal vere eit reiskap som sokna skal nytte i arbeidet med trusopplæringa. I godkjenningsbrevet står det slik:

«Menighetens godkjente plan skal fungere som et styringsdokument for videre utvikling av trosopplæringen i menigheten, og være førende for anvendelsen av trosopplæringsmidlene.»

Trusopplæringsplanen skal årleg verte gjennomgått av sokneråda, samt fornyast og reviderast i kvar soknerådsperiode.

**Størst av alt**

**GODKJENNINGSBREV - LOKAL PLAN FOR TROSOPPLÆRING**

Biskopen i Agder og Telemark er forelagt trosopplæringsplanen til Flatdal sokn.

Ut i fra retningslinjene i Plan for trosopplæring GUD GIR - VI DELER, har biskopen vurdert planens innhold, mål, realisme og systematikk i henhold til gjeldende lokale forskrifter.

Vurderingen bygger på følgende grunnleggende prinsipper:

*Klipp frå biskopens godkjenningsbrev for trusopplæringsplanen til Flatdal sokneråd.*



## Diakonens hjørne

Av og til kan det vere godt å ha nokon å dele tankane med, så om du ynskjer ein prat med diakonen, er du velkommen til å ta kontakt.

Tlf 915 77 011/ 480 85 754

Eg vandrar gjerne nokre steg saman med deg, både i sorga og gledas landskap.

2017, eit heilt nytt og spennande år ligg framfor oss, vi har alt lagt bak oss den fyrste månaden!

Men nye dagar kjem til oss, ein om gongen:

\*\*\*\*\*

*Svanhild, soknediakon*

*Hver dag er en sjelden gave,  
en skinnende mulighet,  
hver dag er på ny en nåde  
som stiger fra himlen ned.*

Fint å tenke på kvar dag som ei gåve , som kjem med nye mulighetar!

Men ingen dagar er like, somme dagar kjem med glede, andre kan vera tunge å ta i mot, me kan oppleve sorg og savn, sjukdom og ensomhet. I slike stunder er det ikkje så lett å tenke at det kjem nye gode dagar.



Hjarteleg takk  
for minnegåva  
som blei gjeven ved  
Leif Liane  
si gravferd

*Helsing  
Tilsette ved Veslestogo  
Nesbukti pleie og omsorgsenter*

Hjarteleg takk  
for minnegåva  
som blei gjeven ved  
Ivar Nærdal  
si gravferd

*Helsing  
Seljord sokneråd*

Hjarteleg takk  
til alle som besøkte oss,  
sende blomar  
og helsingar i 2016.

*Helsing  
avdelingane innan  
pleie og omsorg,  
Seljord kommune*

## Jolefest i Åmotsdal og Manndal

Tradisjonen tru vart det halde jolefest i Åmotsdal og Manndal også denne jola.

I Åmotsdal var arrangementet eit fellesarrangement mellom soknerådet og pinsemenigheten Betel, medan festen i Manndal var felles mellom dei tre sokneråda våre.

Det var god oppslutnad om både festane. I Manndal gjekk alt føre seg i kapellet, medan me i Åmotsdal hadde messe i kyrkja og fest på Grendehuset.

Festen i Manndal hadde femåringane i kommunen som særskilt målgruppe, med utdeling av boka Anton på eventyr i kyrkja.



*Dramatisering av jolebodskapen under jolefesten i Åmotsdal. Karl Valhovd er gjetar som fortel om opplevingane jolenatti.*



*Jolenissen var til stades under jolefesten i Manndal. Fotograf: Kristine Nystad.*



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.

## VÅREN 2017:

Tysdag 14. mars

Tysdag 04. april

Tysdag 02. mai

Tysdag 23. mai

Kl. 16.30 - 18 på Misjonshuset  
(like ved Ungdomsskulen)

## GULLKONFIRMANTAR SELJORD PRESTEGJELD 2017

### Desse var konfirmanantar i Seljord i 1967

Jostein Brekke  
Kjell Steinar Brennemo  
Rolleiv Kasland  
Thor Finn Gunnar Mevastaul  
Eilef Halvor Nilsen  
Vidar Norgård  
Kjell Martin Skogheim  
Gunnar Kåre Aafloy  
Eva Marie Dybdahl  
Grethe Evensen  
Berit Flatland  
Kari Grave  
Anne Lise Gåsdaalen  
Aud Lie  
Gunhild Lindstøl  
Margit Lindstøl  
Aase Loftsgarden  
Solrun Ramskeid  
Tordis Reinstaul  
Åse Ragnhild Skoland  
Anne Marie Øverland

### Desse var konfirmanantar i Seljord i 1968

Bård Berge  
Leiv Skar Bjørge  
Ole Arne Evensen  
Tarjei Gravalid  
Johnny Jamgrav  
Asbjørn Kloster  
Vidar Kildal

Haldor Kaasin  
Reidar Førre  
Torgeir Loftsgarden  
Bjarne Nilsen  
Jan Sælid  
Jan Erland Teigen  
Sverre Ivar Telnes  
Gaute Ervik Tengren  
Bernhard Olav Wike  
Øygarden  
Inger Helene BJORHEIM  
Hege Brauti  
May Brit Flaen  
Gerd Evelyn Flaen  
Gunn Synnøve Flåten  
Astrid Vigdis Haugan  
Birgit Loftsgarden  
Tone Nordstoga

### Gullkonfirmanntfesten i Seljord blir 24. september

### Desse var konfirmanantar i Flatdal i 1967

Bjørn Helge Bjørnsen  
Thor Bringa  
Kaare Arild Ekre  
Jan Hugo Hansen  
Tore Kildal  
Einar Laukelid  
Gregar Runningen  
Frode Svartdal  
Jon Aarbakk

Kari Espelid  
Anne Kvalheim  
Unni Kyrkjerud  
Svanhild Rui  
Anne Marie Smeland  
Gunnhild Storteig  
Bergit Trahaug  
Gullbjørg Aasan  
Bjarne Ekre

### Desse var konfirmanantar i Flatdal i 1968

Lavrants Bringa  
Tone Mari Blika  
Grete Helene Lykken  
Bjørge Aase  
Borghild Dyrland

### Gullkonfirmanntfesten i Flatdal blir 1. oktober

### Desse var konfirmanantar i Åmotsdal 1967

Olav Dyrland  
Arne Olavson Sudgarden  
Bergit Dyrland  
Eva Karin Fossheim  
Inger Groven  
Berit Karin Lindskog

### Gullkonfirmanntfesten i Åmotsdal blir 17. september

## Påmelding til konfirmasjonstida i kyrkja 2017-2018,

for deg som er født i 2003, skjer via påmeldingsskjema på heimesida vår:  
seljordkyrkje.no, under ”Påmeldingar”.

**Konfirmasjonstida på Gjennestad er måndag 26. juni – laurdag 1. juli.**

Velkommen som konfirmannt! ☺



## Arrangement på Granvin kulturhus vår 2017

09. mars	Jungelboka	Seljord kulturskule
10. mars	Teatergruppa i kulturskulen set i år opp Jungelboka. Ei flott oppsetning med 17 skodespelarar + musikk.	
10.–12. mars	Dans det som rører seg her og nå	Kari Onstad
13. mars	Kollaps i kullisene Komedie frå Rikstatret med blant anna Hege Schøyen og Ingar Helge Gimle Stykket har fått 5-er i dei fleste avisene.	Riksteatret
17. mars	Fransk aften Telemark messingkvintett og Sigrid Aase som bla a skal synge Piaf. Servering av fransk mat og drikke. Konsert og mat i foajéen.	Granvin kulturhus
24. mars	Musikalshow	Seljord Folkehøgskule
25. mars	Kvar vår set Seljord folkehøgskule, musikallinja, opp eit forrykande musikalshow med innslag frå mange forskjellige musikalar.	
25. mars	Sjokoladekappleik	SUL
30. mars	Knut Nærum Han skal snakke om «kriminalmysterier eg liker og gjerne skulle ha laget selv»	Seljord Bibliotek
19. april	Intifusion Worldmusic-band	Granvin kulturhus
21. april	Regionfest for seiniordansarar i Telemark	Seljord seniordans
26. april	Norsjø Kammermusikk «Ved vannet»	Norsjø kammermusikkfest
28. april	Leikarringfest	Seljord og Kviteseid leikarring

- |         |   |                          |
|---------|---|--------------------------|
| 5. mai  | «Kortreiste komponistar feirar komponistforeningas 100 års jubileum».   | Telemark Messingensemble |
| 13. mai | Pulverheksa<br>Velkommen til ei heilt ny forestilling med Maj Britt Andersen og alle vi Kjenner frå Pulverskogen. | Riksteatret              |

Kino annankvar sundag

**Granvin Kulturhus AS, Nyveg 16, 3840 Seljord**

**Telefon 35 06 59 90 – post@granvinkulturhus.no – www.granvinkulturhus.no**

## Føremiddagstreff – Vår 2017

### FLATDAL

**Dag: Onsdag Tid: kl. 11.00**

Flatdal Bedehus 15. mars

Sion 19. april

Flatdal Bedehus 10. mai

#### Treng du skyss?

Ring Knut Liestøl 35 05 00 81

*Med helsing Pinsemenigheten Sion, Flatdal Misjonslag/ Flatdal sokneråd*

### SELJORD MISJONSHUS

**Dag: Fredag Tid: kl. 11.00**

24. mars og 31. april

*Med helsing Seljord sokneråd*

### STEINMOEN I ÅMOTSDAL

**Dag: Fredag Tid: kl. 11.00**

17. mars og 16. juni

*Med helsing Pinsemenigheten Betel, Steinmoen Bu – og servicesenter og Åmotsdal sokneråd*

### SION I LANGLIM

**Dag: Måndag Tid: kl. 11.00**

29. mai

*Med helsing Pinsemenigheten Betel, Åmotsdal og Åmotsdal sokneråd*

## BABYSANG VÅR 2017



Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskolen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil syngje, le, prate og ete. (Mat blir servert)

**Dagen er: onsdag**

**Tid: 11.30**

**Datoane er : 8. og 22. februar, 8. og 22. mars, 5. og 26. april**

**VELKOMMEN!**


Helsing frå Kyrkja i Seljord v/Svanhild, soknediakon.

**Viss du lurar på noko, ring:**

Tlf. kontor: 480 85 754

Mobil: 915 77 011

## Kyrkjelydane i Seljord har eiga heimeside



Kyrkjelydane i Seljord har eiga heimeside på internett. Du finn sida på adressa [www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)

På denne sida finn du oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkjelydane. Her finn du og eiga påmeldingsside for dåp.

Dersom du har mista Helg & Høgtid, vil du finne siste nummeret på heimesida.

## Årsmøte i sokna

Årsskifte er tid for årsmøte.

Dei tre kyrkjjesokna i prestegjeldet vårt skal ha årsmøte på desse datoane:

- **Seljord:**                **Søndag 05. mars 2017**
- **Flatdal:**                **Søndag 12. mars 2017**
- **Åmotsdal:**              **Måndag 13. mars 2017**

Seljord og Flatdal skal ha sine årsmøte i kyrkja rett etter messa, medan Åmotsdal skal ha sitt møte på Grendehuset kl 19:00.

*Vel møtt!*


## Kyrkjelydar på Facebook

Mykje informasjon og kommunikasjon skjer i dag gjennom sosiale medier på nett. Facebook er ei viktig kjelde i så måte.

I dag har kyrkjelydane i Flatdal, Åmotsdal og Seljord egne sider på Facebook. På dette viset er det ei von å kunne nå lengre ut med informasjon om ting som skjer i kyrkja.

Anders Kvåle Rue er ansvarleg for Flatdal si facebookside, medan Kristine Nystad har ansvaret i Seljord. I Åmotsdal er Eldbjørg Haugan ansvarleg.

Søk gjerne sidene opp, lik dei og bli følgjar.



## LANDSTADVANDRING

Som del av trusopplæringsplanane til kyrkjelydane våre, skal det i veke 22 arrangerast ei Landstadvandring for alle 9-åringane i kommunen. Hensikten med dette er å gjere borna kjende med Landstad og arven me har etter han.

Vandringa vil starte i Seljord kyrkje. Etter samlinga i kyrkja skal me ha eit lite opplegg kring statua av Landstad utafor kyrkja.

Frå statua skal me vandre til Seljord Prestegard, og her skal alle få kome inn og bli kjend med huset Landstad budde i. Det vert servering i Landstadstova i prestegarden. Brev vert sendt ut til alle 9-åringane i god tid før arrangementet.

**SWECO** 

Vekanvegen 10  
3835 Seljord  
Telefon 35 06 44 44

**HVORDAN HAR DU DET**  
*egentlig?*



**Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

# T Nordgarden Bygg

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal  
Telefon: 95 87 34 62 – nordgarden.bygg@hotmail.com

**ATELIER  
ÅASE**

3840 SELJORD  
Telefon 350 50 809

SAUM  
VEV  
TREARBEID  
STOFF  
GARN

Alt i møblar  
**BoSenteret as**

35 06 53 33

Møbel- og teppeforretning  
Postboks 44 - 3835 Seljord

*Smarte klær hele året fra*  
**EVELYNS MAGASIN A/S**

Seljord - Telefon 350 50 955

**MIN SALONG**

*Damefrisør*

Seljord - Telefon 350 50 296

**T. TVEITAN A/S**

Brøløsvegen - 3840 Seljord  
Telefon 35 05 04 86 - Telefaks 35 05 04 90

Aut. Installatør  
**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80  
www.dyrud.no post@dyrud.no

*Når du trenger elektriker*



**elfag**



granvin kulturhus  
seljord

## Granvin kulturhus AS

### Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær  
Ta kontakt med oss.

Nyveg 16. 3840 Seljord – Telefon: 35065990

epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no) – [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no)



Telefon 91 76 76 72

Ivar Johansen  
Seljord

## Gravminner

Navnetilføyelser  
Omslip og oppussing



**STEINRIKET**  
NORDICSTONE AS

(Tidligere Tjølling Steinhoggeri)

Løveskogen 4 - 3280 Tjodalyng - Telefon 33 15 64 64 - [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

# BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817



[byggmester@live.no](mailto:byggmester@live.no)



## Flatdal Handlaft as Telemark

3841 Flatdal

Telefon 350 57 005 - Mobil 971 53 661

[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)





## TINNITUS (ØRESUS) og MÉNIÈRE?

Ring telefon **815 68 880** (normaltakst) mandag–onsdag  
klokka 19.00–21.30, for mer informasjon om tinnitus og Ménière.  
Hørselshemmedes Landsforbund – [www.hlf.no](http://www.hlf.no)



## BYGGMAKKER Seljord Elektriske

Postboks 123 - 3835 Seljord - Telefon 350 65 000



*seljord*

Sparebanken DIN

Lokalbanken i Vest-Telemark  
Tlf: 35 06 57 00

[www.sparebankendin.no](http://www.sparebankendin.no)  
[firmapost@sparebankendin.no](mailto:firmapost@sparebankendin.no)



*Statoil Service Seljord*

Forhandler Kjell Birger Teigen  
3840 Seljord  
Telefon: 35 05 04 88  
Telefon privat: 35 05 05 64  
Bankgiro: 2711.05.00179



*Funnemark SELJORD A/S*

*Ny eller brukt bil i alle prisklasser*  
Telefon 350 65 800 - 3840 SELJORD



**Morgedal  
Rør as**

[post@morgedalror.no](mailto:post@morgedalror.no) - 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 SELJORD

## Aasmundsens Bakeri A.s

FLATDAL - TELEFON 350 65 300

*Alt i bakevarer*



## Adventskveld i Åmotsdal

Kvart år vert det skipa til ljosomesse i Åmotsdal 2. søndag i advent. I førekant av messa held sokneprest og kantor adventskveld på Grendehuset i bygda. Soknerådet serverer pizza og saft på samlinga.

På adventskvelden er det øving på programmet til Ljomesa.

I år vart ljomesa del av idrettslaget si tenning av jolegrana. Etter denne samlinga var det fakkeltog til Steinmoen. Her blei det songe nokre jolesongar, før fakkeltoget enda opp i kyrkja.

Føre messa blei det servert gløgg og pepperkakar i kyrkjebenkane.

I tillegg til borna frå Åmotsdal, deltok Silje Mikkelsen med song og fløytespel på messa.



*Nutheim  
Gjestgiveri*

Vi ønsker velkommen  
Telefon 35 05 21 43

### ALT I INNRAMMING

Ring for avtale  
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:  
[www.rammeforum.com](http://www.rammeforum.com)

**RAMME  
F · O · R · U · M**

3840 Seljord  
Telefon 35 05 02 10



*Born i Åmotsdal som øver til ljomesse.*



Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannal kapell

## GUDSTENESTER

### 1.s. i fastetida – 5. mars

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden. Årsmøte etter messa.

### 2.s. i fastetida –12. mars

#### Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Helg og Høgtid. Årsmøte etter messa.

### 3.s. i fastetida – 19. mars

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Helg og Høgtid

### Maria Bodskapsdag – 26. mars

#### Skigudsteneste på Myrvoll i

#### Åmotsdal kl. 12.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Kirkens Nødhjelp

### 4.s. i fastetida – 2. april

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Vikar. Offer: Kirkens Nødhjelp

### Palmesøndag – 9. april

#### Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Kirkens Nødhjelp

### Skjærtorsdag – 13. april

#### Nutheim kapell kl. 19.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Ungdomsarbeidet.

### Langfredag – 14. april

#### Mannal kapell kl. 11.00:

Dag Harald Undheim. Offer: Kirkens SOS i Telemark

### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Kirkens SOS i Telemark

### Påskedag – 16. april

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

#### Svartdal kapell kl. 15.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

### 2.s. i påsketida – 23. april

#### Åmotsdal kyrkje kl. 12.00:

Tårnagentgudsteneste. Vikar.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

Årsmøte etter messa.

### 3.s. i påsketida –30. april

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Petter Jakobsen. Samtalegudsteneste med konfirmantane.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

### 4.s. i påsketida – 7. mai

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Petter Jakobsen. Konfirmasjon.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

#### Seljord kyrkje kl. 13.00:

Petter Jakobsen. Konfirmasjon.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

### 5.s i påsketida – 14. mai

#### Inga messe.

### Grunnlovsdagen – 17. mai

#### Seljord kyrkje kl. 10.30:

Dag Harald Undheim.

Offer: Barnearbeidet

#### Flatdal kyrkje kl. 12.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Barnearbeidet

### Åmotsdal kyrkje kl. 14.30:

Dag Harald Undheim.

Offer: Barnearbeidet

### 6.s. i påsketida -21. mai

#### Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Petter Jakobsen. Konfirmasjon.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

### Kristi himmelfartsdag – 25. mai

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Sjømannsmisjonen

### Søndag før pinse – 28. mai

#### Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Sjømannsmisjonen

### Pinsedag – 4. juni

#### Seljord kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Misjonsprosjektet

### Treeiningssøndag – 11. juni

#### Åmotsdal kyrkje kl. 11.00:

Petter Jakobsen. Presentasjon av neste års konfirmantar.

Offer: Barne- og ungdomsarb.

### 2.s. i treeiningstida – 18. juni

#### Flatdal kyrkje kl. 11.00:

Dag Harald Undheim.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

### 3.s. i treeiningstida – 25. juni

#### Åmotsdal kyrkje kl. 17.00:

Pilegrimsgudsteneste.

Dag Harald Undheim.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

*Atterhald om endringar*